

tilrådingar og oppmodingar i eigen verksemd. Sjølv om mottakinga av rapporten har vore god overalt kor eg har vore så har den ikkje vore lik. Grovt sett kan mottakinga delast i to.

I sør har kunnskapen om fornorskingspolitikken og konsekvensane av den nærmast vore totalt fråverande, det som kjem fram i rapporten er av den grunn eit stort sjokk for mange. Samtidig er forventningane til kva for konsekvensar rapporten skal få svært låge.

I nord har det vore annleis. Mange har nikka på hove, det som kjem fram i rapporten om fornorskingspolitikken og konsekvensane av den stemmer med det dei sjølv har erfart i ein eller annan forstand. Sanninga har resonans i egne erfaringar. Forventningane til oppfølginga av rapporten er store.

Erfaringsrommet i nord og i sør er ulikt - og slik også forventningshorisonten.

Stortinget skal etter planen behandle Sannhets- og forsoningskommisjonen sin rapport i november 2024. Når dette blir skrive har fristen til å levere skriftlege høyringssvar til Stortinget akkurat vore og ei munnleg høyring skal finne stad i april. I Sametinget var behandlinga av rapporten den mest omfattande i tingets historie. Dei kvenske/norskfinske og skogfinske organisasjonane har også behandla rapporten og levert innspel til Storinget. Mange er spente på om Stortinget klarar å leve opp til forventningane.

## KONGENS TALE

I Norge er det ikkje vanleg at kongen uttalar seg om saker som er til behandling i Stortinget. Kongen braut med dette da han i nyttårstalen ved utgangen av 2023 tok opp Sannhets- og forsoningskommisjonen i eit avsnitt. Når kongen valte å gjere det så tolkar eg det som om kongen ser på rapporten til kommisjonen som noko som ligg utanfor det politiske ordskiftet og som djupast sett omhandlar alle i Norge og slik kva det vil seie å vere norsk.

I talen grip Kongen essensen i rapporten på same tid som han peikar på kva som skal til for vidare forsoning: Å snakke sant, erkjenne urett og slik bygge opp tillit.

*Å lytte henger sammen med det å snakke sant om det som har skjedd, og erkjenne hverandres virkelighet.*

*Det var også en forutsetning for Sannhets- og forsoningskommisjonens arbeid, som ble lagt frem i sommer. Der ble rystende historier fortalt om uretten som er begått mot samer, kvener og skogfinner gjennom den brutale fornorskingspolitikken – som pågikk fra rundt 1850 til langt opp mot vår tid.*

*Mennesker ble fratatt språket sitt, kulturen sin, selvtilliten og identiteten sin. For noen gikk det på livet løs.*